

---

Vår referanse 2020/43076-2  
Dato 27.03.2020

---

Hellvik Hus Frekhaug

Att. Knut Henanger

## Dispensasjon frå byggegrense - fv. 564 - tilbygg fritidsbustad - gnr 305 bnr 25 og 116 - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 02.03.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 564 for å oppføre tilbygg til fritidsbustad på gnr. 305 bnr. 25, 116 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 564, hp 8, m 352 / Rosslandsvegen 1062

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 20.01.2020.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 564 skal vere minst 26 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkørsel må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Tilbygget ligg innanfor støysone gul. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tilbygget ligg nær fv. 564.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
8. Dette vedtaket føreset at tiltaket vert gitt godkjenning og byggeløyve frå kommunen.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrense langs fv. 564 er sett til 50 meter. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på

eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 26 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

#### Rett til å klage

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Eva Sundal  
Overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Situasjonsplan datert 20.01.2020  
Skjema: klage over forvaltningsvedtak  
Veglova § 29 og 30

Kopi til:  
ALVER KOMMUNE  
Tiltakshavar Rolf E.Andersen